

Innkalling til generalforsamling i Hosanger dampbåtbryggja søndag 30.5.2021 kl 17.00 i Mjøsdaalen ungdomshus

Takk for innmeld eigarskap til lutar/ aksjar i Hosanger dampbåtbryggja. Me har fått tilbakemelding frå eigarane av heile 57% av lutane; ikkje så verst når mange av lutane vart kjøpte heilt tilbake i 1903.

Før sjølve generalforsamlinga tek til vil **administrativ leiar i Bergen og Omland Friluftsråd, Dag Seter**, fortelje litt om korleis dei jobbar, om deira engasjement på Osterøy og planane for Hosanger dampbåtbryggja.

Under møtet vert det servering av kaffi/te og bakst.

Sjå vedlagde innkalling og vedlagde oversyn pr 29.04.2021 over luteigarar
Øvrig informasjon er tilgjengeleg på www.mjosvågen.no

25.03.2021 gjorde Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune følgjande vedtak:
«Vestland fylkeskommune tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om statleg sikring og tildeling av tilskot til grunnleggande tilrettelegging i følgjande friluftsområde, i prioritert rekkefølge: nr 3 Hosanger Dampbåtbryggja ved Bergen og Omland Friluftsråd med kr 232.025». Normalt bruker dette å vere ein sikker plass for å oppnå statleg tilskot.

I Mjøsdaalen ungdomshus er det god plass og mogeleg å halde god avstand. Me ønskjer at du snarleg (helst i dag) melder tilbake om du kjem eller ikkje og eventuelt kven du gjev fullmakt til å møte i plassen for deg. Då vil me ha god oversikt for å tilpasse tilskipinga ut frå gjeldande koronaregelverk. Om du vil gje fullmakt til ein person som møter i plassen for deg, er det fint om du gjev fullmakt til ein som likevel kjem til å møte.

Svar i dag på denne eposten og svar på følgjande:

Eg kjem på generalforsamlinga.

Eg kjem ikkje på generalforsamlinga.

Følgjande person har fullmakt til å møte i plassen for meg:

Fullmakt kan gjevast til den du måtte ynskje, du kan t.d. gje fullmakt til formannen i styret for Hosanger dampbåtbryggja, Lars Mjøs

Andre kommentarar.

Det er viktig at så mange som mogeleg møter eller gjev fullmakt til andre som kan møte.

Vedlagt er sjølve innkallinga til generalforsamlinga og oversyn som syner dei noverande luteigarane som me har kontakt med.

Venleg helsing Lars Mjøs, styreformann i Hosanger dampbåtbryggja